



Norconsult Norge AS
Postboks 626

1303 SANDVIKA

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Anne Rita Eriksen	926 46 329	2022/4247		05.05.2025

DISPENSASJON – delegert vedtak

Tiltak:	Permanent veg på ca 210 meter ned til overløpstunnelen ved damfoten på 104/1 og midlertidig massedeponi på 251/9
Gnr/bnr:	104/1 og 251/19
Tiltakshavar:	Sunnhordaland Kraftlag AS, Boks 24, 5401 Stord
Søkjar:	Norconsult AS

Delegert vedtaksnr.: 2025/124

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 19-1 vert det gitt permanent dispensasjon for etablering av veg og dispensasjon for mellombels massedeponi, begge i LNF-område. Kommunen finn at omsyna til naturmiljø og friluftsliv ikkje vert vesentleg tilsidesette. Rehabilitering av damanlegg er nødvendig og har stor samfunnsnytte. Det må akseptast noko påverknad på naturmiljø og friluftsliv, men inngrep og ulempe må avgrensast så langt som råd. Med dette som utgangspunkt ser kommunedirektøren fordelane som er større enn ulemper.

Vilkår:

- Vestland fylkeskommune må gje løyve til utvida bruk av avkøyrsløse før noko arbeid kan startast opp.
- Innmålingsdata for oppdatering av kart må sendast inn straks tiltaket er plassert, seinast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.
- Vilkår frå Kvinnherad kommune, grunneigar av 251/19 i e-post av 03.01.2025 må fylgjast.

Tiltaket kan igangsetjast når klagefristen på 3 veker er gått og det ikkje har kome merknader.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet


▪ Dispensasjon:

Tiltaka krev dispensasjon frå LNF område i KPA for etablering av permanent veg på ca 210 meter med ei breidde på ca 4 meter på eigedom 104/1 samt for midlertidig dispensasjon for masselagring på eigedom 251/19.


Opplysningar om tiltaket i søknaden:

Tidligere tillatelse omfattet å bygge en ca. 600 meter lang midlertidig anleggsvei fra Bjørnebølsbrakka til utløp av flomsløpstunnel nedstrøms hoveddammen.

En ønsker nå å bygge veien fra nordsiden av hoveddammen fra Blådalvegen, nedover den sørvendte lia til utløpet av overløpstunnelen ved damfoten til hovuddammen. Den nye veien blir omtrent 210 meter lang og 4 meter bred. Veien blir bratt (ca. 1:5), men den vil være farbar for anleggsmaskiner og forhjulsdrevne kjøretøy. Planlagt plassering av veien i terrenget er vist i vedlagt revidert arealbruksplan. Vi gjør oppmerksom på at nøyaktig plassering av veien vil bli gjort i samråd mellom byggherre og entreprenør med sikte på minst mulig terrenginngrep og masseflytting. Det kan derfor bli mindre justeringer av veilinja som er vist i arealbruksplanen. I godkjent detaljplan for miljø og landskap er det lagt til grunn at veien skal fjernes etter bruk. I revidert forslag legges det opp til at veien blir permanent.



En konsekvens av flytting av veien, er at det midertidige massedeponiet ved Røytehølen utgår, og blir erstattet med et midlertidig massedeponi ved avkjøring til Staffi kraftverk, ca. 300 m sør for damanlegget ved Staffivatn. Ved å flytte massedeponiet, unngår en å berøre arealer som i dag er urørt. Ny plassering av massedeponi er i hovedsak allerede berørte arealer. Ny plassering for massedeponi er også avsatt som permanent massedeponi for Blåfalli Fjellhaugen kraftverk. Konesjonssøknaden til Blåfalli Fjellhaugen kraftverk har fått positiv innstilling fra NVE, og ligger til behandling hos Energidepartementet.



Grunngeving av dispensasjonen i søknaden:

Tiltaket vil i liten grad komme i konflikt med L NRF-formålet, da det ikke er dyrket- eller dyrkbar jord i området, det er ikke registrert gammelskog i tiltaksområdet, samt at en ikke vil berøre stier eller områder som er flittig benyttet til friluftsliv.

Det er ikke registrert spesielle naturverdier, vern eller kulturminner i tiltaksområdet. Området er ikke veldig tilgjengelig for utøvelse av friluftaktivitet, og er ikke ventet å påvirke utøvelse av friluftslivet. I den grad tiltaket kan tenkes å påvirke friluftaktivitet, er dette begrenset til anleggsperioden.

Fordelen ved å gi dispensasjon vil være at endret plassering medfører at en unngår inngrep i myr mellom Bjørnebølsbrakka og Røytehølen. Selv om inngrepet var midlertidig, kan istandsetting av myr være krevende. En unngår også inngrep i det sidebratte området ved Røytehølen. Her ville en måtte utført sprenging i fjellet og en del utfylling i Røytehølen. At vegen blir permanent vil medføre at drift av anlegget blir enklere, ved at en har lettere tilgang til lekkasjemålehus og tappeventil som er plassert oppstrøms ende av

flomløpstunnelen. Ny plassering av veien medfører kortere veistrek, og bygges i et område med vesentlig lavere naturverdier.

Planlagt område for midlertidig massedeponi ved Røytehølen blir flyttet fra et urørt naturområde, til et område som er delvis utsprengt og utfyllt. Område for mellomlagring tett inntil damanlegget bidrar til en effektiv gjennomføring av arbeidene.

- **Nabovarsel:** Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre negative merknader.
- **Estetikk:** Tiltaket har grei utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- **Naturmangfaldlova:** Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- **Kulturminne:** Ingen registreringar i området.
- **Landbrukskontoret** har ingen negative merknader til søknaden.
- **Høyring:**
 - Vestland fylkeskommune avd. for infrastruktur og veg (INV) har i skriv datert 08.04.2025 sagt: *Arbeidet vil i ein periode føra til auka trafikk i avkøyrsla frå fv. 5024 til Blådalsvegen. Blådalsvegen er ein privat veg og tiltakshavar må difor søka om mellombels utvida bruk av avkøyrsla. Vestland fylkeskommune, ved avdeling for Infrastruktur og veg, er orientert om at SKL og Statnett skal sende ein felles søknad for den samla utvida bruken av avkøyrsla.*
Administrasjonen sin merknad:
Krav om utvida bruk av avkøyrsla etter veglova er lagt inn som vilkår i dette løyvet.
 - Statsforvaltaren i Vestland har i e-post datert 10.04.2025 sagt at dei ikkje har merknader til dispensasjonen.

Merknader

- Rekning for saksbehandlorgebyr ifølge vedtekte gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Kommunen har plikt til å føre tilsyn i byggesaker. Ref. PBL § 25-1. Kvinnherad kommune har utarbeidd og godkjent eigen tilsynsstrategi. Kommunen kan føre tilsyn kva tid som helst i løpet av byggesaka og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For kommundirektøren i Kvinnherad

Anne Rita Eriksen
Fagkoordinator byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Referatsak forvaltningsutvalet
Vestland fylkeskommune
Statsforvaltaren i Vestland